

Fra: Svein Arne Vågane
Sendt: tirsdag 12. september 2023 13:11
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: Konesjonssak Vike

Hei. Kan de føre dette på sak 21/6260?

Mvh Svein Arne

Fra: Svein Arne Vågane
Sendt: tirsdag 12. september 2023 13:04
Til: Torgeir Andvik <torgeirandvik@gmail.com>
Kopi: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>; Postmottak SFVL <[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)>
Emne: SV: Konesjonssak Vike

Hei.

Lat dette vere klårt. Kommunen har ikkje vurdert noko som helst i høve dette spørsmålet. Av formelle grunnar er spørsmålet sendt Statsforvaltaren som trass alt har gjort det endelege vedtaket. Om du er usamd i at det då vert feil å spørje dei om dette, får du ta opp spørsmålet direkte med dei.

Ja, vi ventar framleis på svar frå Statsforvaltaren og det vert ikkje gjort noko med saka før vi har fått eit svar derifrå.

Mvh

Alver kommune, landbruk v/Svein Arne Vågane

Fra: Torgeir Andvik <torgeirandvik@gmail.com>
Sendt: tirsdag 12. september 2023 11:20
Til: Svein Arne Vågane <svein.arne.vagane@alver.kommune.no>
Kopi: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Emne: Konesjonssak Vike

Hei!

Eg har prøvd å få tak i deg, men ikkje lukkast.

Eg såg tidleg at de sende spørsmål til Statsforvaltaren då konesjonshavar kom med tilsvar på dykkar medling om førehandsvarsel på brot på konesjonsvilkår. Eg vurderte sterkt å gje dykk melding allereie då, men lot vere. No ser at atter ein gong går tida. Og eg må tillate meg å undra på spørsmålet de sende til statsforvaltaren angående sameige i den omtala eigedomen. Lista er lang når ein skal lista opp alle dei negative konsekvensane av det. Både spesielt i denne saka, men også på generelt grunnlag mtp sameige i landbrukseigedomar. Eg forstår ikkje med min beste velvilje kvifor de sende statsforvaltaren spørsmål før de behandla saka sjølv. Spørsmålet svarar nesten seg sjølv. Eg skal ta ein meget kort versjon. At ein i ei sak som gjeld brot på vedtatt konesjonsvilkår i det heile vurderer eit utsagn om sameige kan ikkje

vera rett. Sakshandsamingsmessig er det det aktuelle vilkåret saka no gjeld og ikkje nye, lite truverdige utspel fleire år uti saka. Dette er ein meget kort versjon, av noko som eg moglegvis må koma tilbake til.

Det eg fyrst og fremst vil ha svar på er kvar saka står no. Ventar de på svar endå? Har de behandla saka?

Ring gjerne.

Mvh.
Torgeir Andvik